

11.11.2009

Held fast på hytte-vedtaket

Eventuell bygging av hytte nummer 13 ved Mannsvatnet (på skjermen bak) blir handsama av forvaltningskomiteen onsdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Forvaltningskomiteen heldt under handsaminga onsdag samrøystes fast på vedtaket sitt om at Thomas Fjelland Eide skal få dispensasjon fra arealføremålet LNF slik at hytteplanen hans kan omsøkjast og handsamast.

Det var fylkesmannen som påklaga kommunen sitt positive vedtak i saka.

Men fylkesmannen hadde uttalt i klaga at hytta kunne skapa ein uheldig presedens med omsyn til å opna opp området rundt Mannsvatnet for fritidsbustader.

Til dette sa leiar Einar Saghaug (IP) at fylkesmannen tydelegvis ikkje har visst at det er hytter ved Mannsvatnet frå før, sjølv om det er 12 hytter der. Dermed fell dette argumentet til fylkesmannen bort og det er all grunn til å avvisa klaga.

Fleire hadde ikkje ordet i saka som dermed går inn i neste handsamingsrunde.

Komiteen hadde heller ikkje innvendingar mot at føremålet leiligheter i rekkjehus og frittliggjande einebustader i Hagetun-prosjektet blir slått saman til formålet konsentrert småhusbebyggelse. Dermed blir utnyttingsgraden for heile området 40 prosent BYA. Byggjegrensen mellom eidegomar vert fjerna men avstanden mellom bygninga skal likevel vere minst 8 meter.

Forslaget til reguleringsplan for sandtaket til Trond H. Myklebust vart vedteke utlagt til ettersyn. for andre gong. Administrasjonen skriv at planforslaget med hovudføremål spesialområde massettak kan vere av økonomisk

interesse for kommunen. Difor bør planen leggjast ut. Men kommunen vil nytte høvet til å revidere forslaget i høve til nye merknader etter utleggjinga.

Komiteen gjekk også samrøystes inn for å gje dispensasjon frå midlertidig byggjeforbod slik at det kan byggjast terrassar og trelætt på Rabben Feriesenter og Øyro Marina og Camping. Reguleringsføreseggnene skal harmoniserast med dei for Ænes Camping.

Rådmannen skal no vidareføra og sluttføra arbeidet med reguleringsplanen.

Av Ola Matti Mathisen